

oftast er lite folk på den fyrste. — Ei utjamning vil bae partar tena på.

## Flytta.

*Me hev idag flytta forretningi til nytt lokale i vårt eige hus. — Berre beste sort varer fører me.*

**Borghild Brøende.**

Tlf. 132.

## Volda fotball-lag 20 år.

Volda fotball-lag kan i desse dagar høgtida 20-årsjubileum, meddi laget i september 1916 vart innmeldt i Norges fotball-forbund.

Men fotball-spelet i Volda tok i grunnen til i 1910, då Jon Dahle og Oskar Gjærder kom heim og sette det i sving.

Fyrste plassen som vart brukt var ei atte-lege oppunder Rotset-hornet. Der vart det halde mange kampar millom skule-elevane og Volda-laget, og etter kvart vart det 4 lag som var igang alt då: millomskulen, gymnaset, lærarskulen og bygda-laget.

Kring 1914—15 fekk Volda-laget leiga seg bane på Røysbakken. Med det vart det betre treningstilhøve, interessa vaks, og ein tok til å få utanbygds lag på gjesting.

Ein kan t. d. nemna at laget i 1916 spela ein oppvisningskamp mot eit lag frå Aalesunds fotballklubb på den frilynde ungdomsstemna i Vatne det året. Dette vart ein minnerik tur som sette kveik i karane. Etter at Aalesund leida 3—0 i pausen, vann likevel Volda 5—4 for ca. 4000 åskodarar.

Aaret etter var Aalesunds-laget her, og vann då 2—1.

Plassen på Røysbakken hadde fotball-laget til 1918, tvangsdyrkingsåret, då han vart oppløgd. Sidan hadde laget ymse plassar på lenger eller stuttare tid. Desse var ikkje so store at

ein kunde spela krinskampar på dei, og like til 1921 måtte ein difor nøgja seg med å fara på gjesting til andre lag.

I 1924 vart fyrste krinskampen halden på den då halvt opparbeidde Idrottsplassen ved gymnaset, og sjølv om det hev vore mange vanskar å stridaast med sidan og, vart det likevel eit umbroyte. Ifjor vart denne plassen opparbeidd i full lengd ved hjelp av dagverkstilskot og fotball-laget. Plassen held enno ikkje minstemåli for krinskampar, men med løyve frå krinsstyret fær ein likevel spela dei her.

Laget si slag-kraft hev vore so ymse. Sume år rett bra, andre år ringare. I år hev elles sesongen vore ein av dei beste på lenge. Det er berre å vona at medgangen, um ein kan kalla det so, må stimulera til enno hardare arbeid for å hevda seg.

Det var i grunnen i år, jubileumsåret, at laget skulde koma heilt til topps i krins-seria. Det gjekk ikkje. — So fær ein då taka upp arbeid for å greidda det neste år. — Det skulde ikkje vera uråd.

I høve 20-årshøgtidingi vert det sundag spela eit par jubileums-kampar på Idrottsplassen. Me viser til lysingi um dette annan stad i bladet.

Frå Norges fotball-forbund er det kome telegram med lukkynskjing i høve jubileet.

**Volda orkestors øving**  
utsett til neste torsdag. *Styret.*

## Filmteatret.

Sundag kl. 7 og 9.

*Bernard Shaws*

### Pygmalion

med Jenny Jugo og Gustav Gründgens.

## Mork helselag

held fest på Mork ungdomshus laurdag 5. septbr. kl. 7.

Tale av overl. Kvalheim prestis kl. 8. — Rjomegraut.

Inng.p. 50 øre.